



Mottaker
Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO
Norge

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2018/0051-2

Sakshandsamar: Anders Bøyum Halvorsen
Ansvarleg: Magnus Gabrielsen

Dato: 02.05.2018

Høyringsfråsegn - NOU 2017:17 På ein søndag? Reglane om søndagshandel og konsekvensane av endringar

Konkurransetilsynet viser til brev 25. januar 2018 kor Kulturdepartementet (heretter "departementet") sendte "NOU 2017:17 På ein søndag? Reglane om søndagshandel og konsekvensane av endringar" på høyring. Utgreinga er utarbeidd på oppdrag frå departementet.

Høyringsfristen var 25. april 2018. Konkurransetilsynet har fått utsett svarfrist til 2. mai 2018.¹

Utvalets mandat og forslag til endringar

Utvalet fekk 17. juni 2016 mandat til å vurdere gjeldande rettsreglar for søn- og høgtidsdagar, og eventuelt føreslå endringar.² Utgreinga blei lagt fram 14. desember 2017.

Departementet ber i høyringsbrevet om kommentarar til funna, vurderingane og forslaga til utvalet. Utvalet legg fram fire ulike modellar til endring av dagens regelverk.³ Alle modellane er foreslått som unntak frå Lov om helligdager og helligdagsfred § 5 om sal frå faste utsalsstader. Hovudregelen er at faste utsalsstader skal halde stengt på heilagdagar og stenge kl. 16 på jul-, påske- og pinseaftan.

Modell 1 er meint å skjerme arbeidarane, og legg berre opp til mindre justeringar i gjeldande regulering. Det inneber mellom anna å oppheve hagesenterunntaket. I tillegg blir det fritt sal av fleire typar varer (kiosk- og daglegvarer, suvenirar, husflidsvarer, blomar og planter) innanfor eit salsareal på 100 kvadratmeter. Bensinstasjonar skal fortsatt kunne ha salsareal på opptil 150 kvadratmeter. Det blir òg lagt opp til å flytte forvaltninga av turistunntaket frå Fylkesmannen til departementet for å unngå at unntaket, som er eit distriktspolitisk verkemiddel, blir nytta i sentrale strok.⁴ Vidare skal butikkar på turiststader halde stengt langfredag, første påskedag, 1. mai, 17. mai og første juledag.

Modell 2 er meint å skape likare konkurransevilkår enn dagens regulering, og samtidig skjerme søndag føremiddag og store høgtidsdagar. Forslaget legg opp til frie opningstider for

¹ Jf. telefonsamtale 24. april 2018 med saksbehandlar Martin Hill Oppegaard.

² Sjå NOU 2017:17 side 17 - 19.

³ Sjå NOU 2017:17 kapittel 8 side 158-168 for ei lengre skildring av dei ulike modellane.

⁴ Sjå NOU 2017: 17 side 68 for ei utdjuping.

butikkar som sel kiosk- og daglegvarer, bensinstasjonsvarer, husflidsvarer og suvenirvarer på eit salsareal som ikkje overstig 150 kvadratmeter. Mellom kl. 13 og 19 skal alle butikkar kunne halde opent vanlege søndagar, andre påskedag og andre pinsedag uavhengig av sortiment dersom dei har salsareal som ikkje overstig 150 kvadratmeter. Til liks med modell 1 skal departementet få ansvaret for å handheve turistunntaket.

Modell 3 legg vekt på bransjenøytrale reglar for alle utsalsstader med salsareal opp til 200 kvadratmeter. Det er ein føresetnad at 200 kvadratmeter er tilstrekkeleg til å oppretthalde eit breitt vareutval, og at ein dermed kan oppheve unntaket for typiske turiststader. I tillegg vil ein kunne oppheve unntaka for små kioskar og daglegvarebutikkar, bensinstasjonar, hagesenter og blomebutikkar, utsalsstader på campingplassar i campingsesongen og unntaket for lokale husflids- og suvenirvarer. Unntaket skal gjelde alle søndagar og heilagdagdar.

Modell 4 er meint å vareta omsynet til forbrukarane og butikkeigarane ved at opningstidene i vesentleg større grad blir opp til aktørane i marknaden. Forslaget inneber ei liberalisering ved at butikkar som sel kiosk- og daglegvarer, bensinstasjonsvarer, husflidsvarer og suvenirvarer alltid kan halde ope så lenge dei har eit areal som ikkje overstig 150 kvadratmeter. I tillegg vil alle butikkar uansett storleik og sortiment kunne halde ope mellom 13 og 19 vanlege søndagar og nokre utvalte heilagdagdar.

Fleirtalet i utvalet samla seg om eit forslag til lovendringar, modell 2. Departementet bad spesielt om kommentarar til dei einskilte modellane.

Konkurransetilsynets merknader

Konkurransetilsynets primære standpunkt er at ei liberalisering av opningstidene som i modell 4 vil vere det beste av dei foreslåtte alternativa, fordi dette er den av modellane som i størst grad opnar for konkurranse på like vilkår. Ein marknad der alle aktørar kan konkurrere på like vilkår vil normalt føre til ei mest mogeleg effektiv utnytting av samfunnets ressursar i form av lågare prisar og betre vareutval til forbrukar.⁵

Under gjeldande regulering om opningstid har ein sett bransjegliding mellom dei butikkane som kan halde opent på søndagar og dei butikkane som må halde stengt. Dette har gitt uheldige konkurransevridande verknader. Eit døme er hagesenter som sel hagemøblar og liknande på søndagar medan byggvareforhandlarar og møbelbutikkar som òg sel slike varer må halde stengt. I den grad det skal gjelde avgrensingar i reglane for opningstid er det derfor Konkurransetilsynets vurdering at desse bør vere bransjenøytrale og omfatte alle butikkar uavhengig av sortiment. Tilsynet har inga mening om i kva grad 200 kvadratmeter er tilstrekkeleg til å oppretthalde eit breitt vareutval, men dersom ein slik føresetnad leggest til grunn finn tilsynet at dette vil gjere det mogeleg for vesentleg fleire butikkar å tilpasse seg reglane for opningstid enn det tilfellet er i dag. Dette vil igjen gjere det enklare for butikkane å halde opent etter forbrukaranes ønsker. Tilsynet finn derfor at modell 3 er det nest beste alternativet av dei foreslåtte modellane.

Tilsynet finn likevel at òg modell 2 vil trygge konkurranse på like vilkår i større grad enn tilfellet er under gjeldande regulering ved at fleire butikkar enn i dag kan holde opent og at arealgrensa gjeld likt for alle butikkar. Dette er òg elles i samsvar med dei tidlegare høyringsfråsegna til tilsynet om same tema.⁶

Konkurransetilsynet finn at den oppstrammainga av regelverket som er foreslått i modell 1 kan rydde opp i nokre av dei konkurransevridande utslaga som følger av gjeldande unntak for blomar, planter og andre hageartiklar, og dessutan trygge ei lik praktisering av turistunntaket.

⁵ Sjå òg NOU 2017:17 side 113 og 167.

⁶ Sjå tilsynets høyringsfråsegn i sak 2002/0234 og 1997/0689. Førstnemnte gjeld "opphevelse av åpningstidsloven – Endringer i lov om helligdager og helligdagsfred. Sistnemnte er eit svar til ot.prp. nr.75 (1996-1997) om lov om åpningstider for utsalgssteder og endringer i arbeidsmiljøloven .

Forslaget held likevel oppe høvet for bransjegliding frå faghandel til daglegvareforretningar, noko som kan verke konkurransevidande til ulempe for faghandelen. Dette kan gi uheldige verknader òg for forbrukarane som kan få dårlegare og dyrare produkt når dei handlar på søndagar. Endeleg finn tilsynet at ei vidareføring av ein arealforskjell mellom butikkar/kioskar og bensinstasjonar vil kunne verke konkurransevidande mellom anna fordi det 50 prosent større arealet ikkje er regulert til å innehalde bilrelaterte produkt.⁷

Konkurransetilsynet tilrår etter dette at ein endrar regelverket for søndagsopne butikkar i samsvar med modell 4. Tilsynet meiner likevel at eikvar regelverksendring som opnar for likare konkurranse enn gjeldande regelverk vil vere til gode for forbrukarane, og er derfor òg positiv til modell 3 og 2 der modell 3 vurderast som den beste av dei to.

Med helsing



for Magnus Gabrielsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Mottaker
Kulturdepartementet

Postadresse
Postboks 8030 Dep

Poststed
0030 OSLO
Norge

Kontakt/e-post
postmottak@kud.dep.no

⁷ Sjå Konkurransetilsynets høyringsfråsegn til forslag om endring i lov 26. april 1985 nr. 20 om åpningstider for utsalgssteder, 11. mars 1991. Vidare høyringsfråsegn til forslag om ny lov om åpningstider og endring i arbeidsmiljøloven 21. april 1997, òg høyringssvar til forslag om endring i lov om åpningstider av 26. juli 1998 nr. 43 19. mars 1999.